

Sjekkliste for konkurransevurdering

Det skal gjerast ei konkurransevurdering dersom ei lovføresegn har ein av følgjande verknader:

A

Avgrensar talet på eller utval av leverandørar

Dette er sannsynleg dersom lovføresegna:

A1 Gjev ein leverandør eksklusive rettar for levering av varer og tenester

A2 Etablerer lisens, løyve eller ein autorisasjonsprosess som eit krav til drift

A3 Avgrensar moglegheita til nokre av leverandørane til å tilby varer og tenester

A4 Vesentleg aukar kostnaden til etablering eller til å gå ut av marknaden

A5 Skapar eit geografisk hinder for føretak til å levere varer, tenester, arbeidskraft eller å investere

B

Avgrensar moglegheita for føretak å konkurrere

Dette er sannsynleg dersom lovføresegna:

B1 Avgrensar seljars moglegheit til å setje prisar for varer og tenester

B2 Avgrensar fridomen for føretak til å marknadsføre varer og tenester

B3 Setter standard for produktkvalitet som gjev eit fortrinn for nokre leverandørar framfor andre, eller som er over det nivået som nokre velinformerte kundar vil velje.

B4 Fører med seg at nokre leverandørar får ei vesentleg auke i sine produksjonskostnadar samanlikna med andre (spesielt ved å handtere eksisterande aktørar annleis enn nye aktørar)

C

Reduserer leverandørane sine insentiv til å konkurrere

Dette er sannsynleg dersom lovføresegna:

C1. Skaper eit heilt eller delvis sjølv-regulerande regime

C2. Krev eller oppmuntrar leverandørar til å informere om produksjon, prisar, sal eller kostnadar

C3. Fritek aktivitet i ein særskilt industri eller marknad, eller ei gruppe av leverandørar, frå konkurranselover.

D

Avgrensar val og informasjon for kundar

Dette er sannsynleg dersom lovføresegna:

D1 Avgrensar kundar si moglegheit til å avgjere kven dei skal handle hjå

D2 Reduserer kundane sin mobilitet mellom leverandørar av varer og tenester ved å eksplisitt eller implisitt auke kostandane ved å byte leverandør

D3 Drastisk endrar den informasjonen som kundar har behov for, for å kunne handle effektivt

Denne sjekklista er henta frå OECD sitt verktøy for konkurransevurdering. Det er ein metode som hjelp styresmakter til å identifisere hinder for konkurranse gjennom unødvendige avgrensingar på marknadsaktiviteter. Den fullstendige versjonen av verktøykassa er tilgjengeleg på fleire språk på <https://www.oecd.org/competition/assessment-toolkit.htm>